



Miljødirektoratet  
Postboks 5672 Sluppen  
7485 TRONDHEIM

Dato: 01.09.2014  
Vår ref.: 2014/20396-1  
Saksbehandlar: hanespe  
Dykkar ref.:

## Tilskot til kartlegging og verdsetting av friluftsområde

(Kap.1420 post 78)  
Prosjektskildring

### Bakgrunn og formål

Hordaland er eit fylke med over 505 000 innbyggjarar. Det er vekst i fleire regionar med ei aukande befolkningskonsentrasjon i bergensområdet. Det er behov for over 60 000 nye bustader i Hordaland fram mot 2030. Dette resulterer i auka press på areal.

Det er eit mål at befolkninga i Hordaland skal ha høve til å drive eit variert friluftsliv både i nærmiljøet og i naturen. Det er heimla i vedtekne planar som fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008 – 2012, regional kulturplan 2025-2025 (på høyring og skal vedtakast i Fylkestinget i desember 2014) og regional plan for folkehelse 2014 – 2025. For å nå dette målet trengst kartlegging og verdsetting av friluftsområder. Dette er eit viktig kommunalt verkemiddel for å identifisere, utvikle og ivareta areal for friluftslivet. Gjennom nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftslivsområder vert spesielt tettstad- og bynære friluftsområder vektlagt som viktige element i folkehelsearbeidet.

Kartlegging og verdsetting av regionale friluftsområder vart gjennomført i Hordaland i 2008. Fleire kommunar har i ulike grad kartlagt og verdsatt lokale friluftsområder med støtte frå Fylkesmannen (skjønnsmidlar). Hordaland fylkeskommune ønskjer å vidareføre og kvalitetssikre dette arbeidet til å gjelde alle Hordaland sine 33 kommunar. Det langsiktige målet er kartlegging og verdsetting i tråd med M-98 2013 i alle kommunane i Hordaland innan 2018. Denne prosjektskildinga og framgangsmåten er inspirert av tidlegare arbeid med kartlegging av regionale friluftslivsområder i Hordaland 2008, og arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftsområder i Nordland 2011 – 2013.

### Hovudprosjekt

Kartlegginga og verdsettinga av friluftsområder skal vere ei fagkartlegging av friluftinteressene i fylket som er i tråd med Miljødirektoratet sin vegleiar *M-98 2013 Kartlegging og verdsetting av friluftsområder*. Det skal også vere fokus på at kartlegginga og verdsettinga har ei klar kommunal forankring.

### Roller og ansvar

Fylkeskommunen vil vere regional utviklingsaktør og ha prosjektleiaransvaret. Prosjektleiar sitt ansvar vil vere å motivere og rettleie kommunane i arbeidet, kvalitetssikre arbeidsgruppene i kvar kommune, sikre erfaringsutveksling mellom kommunane og gje fagleg oppfølging undervegs. Dette arbeidet skal gjerast i samråd med ei regional ressursgruppe. Friluftsråda vil også vere ein viktig aktør i sine medlemskommunar (23 av 33 kommunar). Bergen og Hordaland turlag har medlemmar i alle kommunar i Hordaland og ønskjer også å bidra i arbeidet.

### Regional ressursgruppe

I ressursgruppa deltek representantar frå plan og friluftsliv i fylkeskommunen, fylkesmannen, friluftsråda, FNF Hordaland, GIS ansvarleg og representantar frå deltakarkommunane.

En tidsplan for arbeidet blir grovt skissert i søknaden utan detaljnivå grunna kort søknadsfrist.

### Delprosjekt

I 2014 vil første fase vere å ta utgangspunkt i den regionale prosjektrapporten frå 2008 *Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige friluftsområde i Hordaland*. Her hadde alle kommunane ei aktiv rolle. Digitale data frå denne prosjektrapporten skal oppdateras ved å etterfylle utdaterte data om områder frå arbeidet i 2008. Data skal konverteras til ein standardisert SOSI-fil og sendes over til administrator som godkjenner og legg dei inn i Naturbase.no.

Fylkeskommunen har intern kompetanse gjennom Torbjørn Eidsheim på dette som har meldt seg positiv til å bidra som GIS-ansvarleg i arbeidet. Denne kompetansen er nyttig når nye data skal digitaliseras og kvalitetssikrast.

Kartlegginga og verdsettinga vil starte ved at fylkeskommunen arrangerer møteverksemd for dei kommunane som har vist interesse og som har erfaring frå tidligare kommunal kartlegging av friluftsområder. Fylkeskommunen har kartlagt dei kommunane som er i gang med sin arealdel i kommuneplanen og vi prioriterer desse i første omgang. Fleire av dei kommunane har gitt melding om at dei ønskjer å gå i gang med arbeidet no i haust. Friluftsrådet Vest og Bergen og Omland friluftsråd ønskjer å vere ein aktiv part i prosessen i høve til sine medlemskommunar, og delta i lokale arbeidsgrupper. Den lokale arbeidsgruppa skal elles dekke kommunen godt geografisk, vere av begge kjønn med ulike friluftsinteresser og ha fokus på nærfriluftsliv. Ein utvald prosjektleiar bør ha relevant erfaring og kjenne kommunen godt.

Om søknaden vert innvilga skal fylkeskommunen kalle inn prosjektleiar og arbeidsgruppene for dei utvalde pilotprosjekta til eit møte i veke 39 for å få presentert for rettleiar M-98 2013 og å leggje ein felles framdriftsplan. Vi ønskjer å arrangere eit regionalt dagsmøte for alle interessentar i veke 48 for å forankre dette arbeidet i fleire kommunar. Når dei første kommunane har gjort kartlegging og verdsetting, skal representantar frå dette arbeidet vidareformidle erfaringane til andre kommunar som skal i gang gjennom møteverksemd. Suksesskriteriane vil bli presentert for nye kommunar og interessa for deltaking vil smitte. Det er ønskjeleg at representant frå Miljødirektoratet held eit innlegg på denne konferansen.

### Status av samarbeidspartnare før prosjektstart

Av kommunar som har blitt forespurt om å vere med, har åtte kommunar svart ja allereie:

- Fjell
- Tysnes
- Meland
- Askøy
- Samnanger
- Kvinnherad
- Lindås
- Os

**Budsjett**

<b>Kostnader/år</b>	<b>2014</b>
HFK midlar	250 000
GIS-koordinator ink. digitalisering og tekniske løysingar	100 000
Prosjektstøtte til kommunane	400 000
Møter/konferansar	100 000
<b>SUM</b>	<b>850 000</b>

**Finansiering**

<b>Kostnader/år</b>	<b>2014</b>
Hordaland fylkeskommune	250 000
Arbeidsressurs frå Fylkeskommunen	100 000
Eigenandel frå kommunane	100 000
Fylkesmann (skjønnsmidlar)	0
Miljøverndepartementet	400 000
<b>SUM</b>	<b>850 000</b>

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld  
Fylkesidrettssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*